



Telenors breibandkunder er eit tålmodig folkeferd, men no er tålmodet snart slutt, Imorgon fredag er det ei veke sidan brotet på ein sjøkabel mellom Stord og Bømlo men skaden er enno ikkjeordna. I Uskedalen har det det til dømes hatt konsekvensar for dei handlande som har signert for kvar transaksjon. No håpar alle at saken skal vera ordna i kveld klokka 20 - det er Telenor sin siste lovnad.

1031 breibandkunder i vår kommune har vore berørt. Kabelskipet Nordkabel har no vore i arbeid med den lokaliserte skaden og sidan har tilbakelegg til landinntak stått på programmet. Sjøkabelen skal vera i land omkring klokka 17 og så skal Eltel skøyta dei 2 kablane.

Skadane har vore meir omfattande enn dei rekna med blir det opplyst og det skal vera passerande fartøy som har forårsaka dei.

Av Ola Matti Mathisen